




# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK 12713



Månedsbrev for oktober 2014.

Årgang 50

---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Øystein Alme  
Visepres: Bernhard Harkjerr  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Karin S. Holstad  
Styremedlem: Eileen B. Hareide  
Styremedlem: Sverre J. Ulstein  
Ansv.red.: Aagot Riise  
Referent: Aage Nytun

## Fødselsdager i oktober:

Sigbjørn Haddal	3. oktober
Idar Flø	18. oktober

---

*Og alle skimtar av sol er sløkte;  
sjå lauvet reiser i nordablåst.  
Dei siste blomane står forstøkte  
og ottast frost.*

**Tor Jonsson**

---

## Møte 6.10.14



### **Denne dagen var vi på bedriftsbesøk hos Norway Pelagic i Hjørungavåg.**

Dagleg leiar Hoddevik tok imot oss og samla oss på møteromet der han orienterte oss om bedrifta og kunne fortelje oss fylgjande: Nordic Pelagic har sitt hovudkontor i Egersund i Rogaland og vart stifta i 1998. Dei har totalt 12 anlegg i Noreg spreidd langs kysten.

Det er hovudsakleg makrell dei no tek i mot. Sesongen startar ca. 01.09., og dei har ein produksjonskapasitet på ca. 800 tonn pr. dag. Frå oppstart 01.09 og fram til 06.10 har dei teke imot ca. 13.000 tonn som har vorte frose inn ved anlegget i 10- og 20-kilos kasser og seinare transportert til fryselager på Hareid, der han blir henta av containerskip som går via Rotterdam til Kina, der makrellen blir filetert og send vidare til Japan som kjøper nesten alt. Større makrell på over 300 gram blir filetert ved anlegget. Resten blir sortert og pakka i kasser etter storleik.

Nordic Pelagic er den største mottakar av pelagisk fisk i Noreg, dei tek imot ca 170 tusen tonn i året og har knapt halvparten av marknaden, og anlegget i Hjørungavåg er selskapet sitt største innan makrell. Sesongen varer ca. 6 mnd. i året og det jobber ca. 55-60 personer ved anlegget. Både norske og utanlandske båtar leverer ved anlegget, men ikkje båtar frå Færøyane og Island, då dei har bygd opp sitt eige mottakssystem. Dei norske båtane har snart fiska opp sine kvoter, så etter det er det utanlandske båtar som leverer ved anlegget.

Tidlegare var det sild som dominerte ved anlegget, men det er det nesten slutt på då kvotene er sterkt reduserte og det som blir fiska blir levert lenger nord.

Etter presentasjonen fekk vi på oss antrekk og fekk omvisning der vi fekk sjå korleis arbeidet og produksjonen foregår. Der låg ein båt frå Austevoll og leverte makrell, produksjonen var i full gang. Det var imponerende kor automatisert og radig det gjekk.



## Møte 13.10.14

Presidenten ønskte velkomen til møte og gratulerte Sigbjørn Haddal med vel overstått 70-årsdag. Presidenten hadde overbrakt blomsterhelsing til jubilaranten på dagen, og Haddal takka klubben for merksemda.

Dagens program var årsmelding med rekneskap for rotaryåret 2013-2014. President for det rotaryåret, Karin Svendsen Holstad, gjekk gjennom årsmeldinga og dei aktivitetane og program som har vore gjennomført i hennar år som president. Fullstendig årsmelding finn ein på heimesida til klubben vår.

Etter gjennomgangen viste ho bilete frå bl.a. dugnadene vi har hatt på Rotarystien, sommarcamp 2013 og andre aktivitetar vi har hatt gjennom året.

Kasserar Johs.J. Hareide la fram rekneskapen for rotaryåret 2013-14. Netto driftsresultat for rotaryåret viser eit underskot på kr. 1.202,13. Rekneskapen er revidert av vår revisor Egil Utgård, og årsmelding og rekneskap vart godkjent av årsmøtet. Styret la fram forslag på at kontingenten for rotaryåret 2014-15 skulle vere uendra frå året før, det vart også godkjent.

Etter årsmøtet tok Sverre Bjåstad opp nokre spørsmål vedr. namn på stader langs Rotarystien, spesielt nokre bruer som går over elva og som ikkje har namn. Han bad medlemmane tenkje over kva namn som bør brukast og vil kome tilbake til dette på eit seinare møte.

#### **Møte 20.10.14**

Presidenten ønskte velkomen til nytt møte, og brakte takk frå ordførar Anders Riise for innsatsen rotarymeldemane gjort i samband med årets innsamlingsaksjon den 19.10.

Dagens program var egoforedrag ved **Jan Per Bigset**.



Jan er fødd i Hareidsdalen, faren var Ragnvald Bigset og mora var Hanna Bigset. Ho kom frå Ulstein. Jan vaks opp på Bigset og har budd der heile livet. Han er gift med Anne Brita, og dei har 3 born og 3 borneborn.

Jan starta tidleg på sjøen og første båten han var på var hareidsbåten Fangst, der faren hadde vore både bestmann og skipper. Der var han både på sildefiske utanfor kysten og på fiske ved Island etter sild. Etter Fangst vart det Flømann i fleire bolkar, og der har han totalt vore mest.

Han kunne fortelje at det har vore tre ”Flømann” i rederiet som vart starta av Knut Flø i 1938. Den fyste dei kjøpte var Havglytt, den lasta 1600 hl. Og skipper var Hans Flø. I 1942 tok tyskarane båten og han vart bomba av russarane i 1944. Etter krigen skulle han slepast til Hjørungavåg for reparasjon, men han forliste undervegs.

Flømann nr. 2 vart levert frå Liaaen i Ålesund i 1949 etter ei byggetid på 2 år. Denne båten var Jan med i 1962 og 63 på toskefiske ved Grønland. Han var tre turar med Flømann og ein med Hareidingen til Grønland på torskefiske. Det var harde og lange turar. Deretter var det militærtjeneste i sjøforsvaret, og ferda gjekk til stasjonen på Senja. Han tok kystskippereksamen medan han var i militære.

Etter fullført militærtjeneste var det på sjøen att, denne gongen om bord i Øyulf. Han fekk etter kvart prøve seg som bas, og lærde mykje av svogeren, Harald bas, som var ein tøffing i den rolla. Jan starta sjølv som bas på Fangst før han var nokre år på Vartdalsbåtane Kirkholmen og Vartdal.

På sildefiske i nord var han uheldig og fekk skada handa si i samband med eit kast. Eit russisk moderskip hadde dokter ombord, og der vart handa lappa i hop utan noko bedøving. Han vart deretter henta med helikopter til Kirkenes, der han låg i 14 dagar før han vart sendt heim.

I 1979 ringde Kjartan Bjåstad og spurde om han ville ha jobben som bas ombord i Flømann, og der vart han i mange år. I 1982 drog dei til Bjørnøya på loddefiske med ny not. Dei gjorde eit kjempekast og fylte Flømann og mange andre båtar, i tillegg måtte dei slepe ut ein del. Dei henta ut 27000 hl, men Jan antar at der var ca. 30000 hl. i kastet. Dei hamna i Guinness rekordbok, og presse frå heile verda var møtt opp då dei kom inn til Vadsø for levering.

Flømann vart seld til Malene Østervoll i Austevoll og fekk namnet Hunvågøy i 1999.

Jan fekk etter det jobb på kystvakta som skipper ombord i Stålbås. Dei var stasjonerte på Sortland med ansvar for nordområda. I 2002 gjekk Stålbås ut av kystvakta og Jan fekk jobb i land på Kleven ei periode, men vart oppsagt der p.g.a. lite arbeid, og han fekk då jobb i kystvakta igjen på Nordsjøbas. Der var han i tre år før han returnerte til Kleven. Der jobba han fram til 2012, då han vart pensjonist. Og no nyt han pensjonistlivet og har skaffa seg både traktor og gravemaskin.

#### **Møte 27.10.14.**

Programfritt